

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Bikuben Konferansesenter, Haukelandsparken, Helse Bergen
MØTETIDSPUNKT: 22.03.2018 KL. 15:30 – 17:45

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

| | |
|--------------------|------------------|
| Trude Marit Risnes | Styreleiar |
| Eivind Hansen | Medlem |
| Arve Varden | Medlem |
| Bente Aae | Medlem |
| Marit Jacobsen | Medlem |
| Marianne Saugestad | Medlem til 17:00 |
| Gunvald Iversen | Medlem |

FORFALL FRÅ STYRET

| | |
|-----------------------|-----------|
| Olav Godtfred Klausen | Nestleiar |
| Inger Cathrine Bryne | Medlem |

DELTAKARAR FRÅ FØRETAKET

| | |
|-------------------------|--------------------------------|
| Jon Bolstad | Adm.Dir |
| Christer Bakke Frantzen | Fagdirektør |
| Ola Rye | Økonomidirektør |
| Ørjan Lundgren | Kommunikasjonsleiar |
| Berit Berntsen | HR og org. direktør (referent) |

SAKLISTE

| | | |
|-----|--------|---|
| Sak | 001/18 | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| Sak | 002/18 | Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjuehusapoteka Vest HF 13.12.2017 |
| Sak | 003/18 | Administrerande direktør si orientering |
| Sak | 004/18 | Årsrekneskap 2017 |
| Sak | 005/18 | Styret si årsmelding 2017 |
| Sak | 006/18 | Styringsdokument 2018 |
| Sak | 007/18 | Risiko Styringsmål 2018 |
| Sak | 008/18 | Strategiplan for SAV 2018 – 2023- høyringsutkast |
| Sak | 009/18 | Modell for fagplanar i SAV |
| Sak | 010/18 | Revidert møteplan |

UNDERLAG

Vedlagt

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

Vedlagt
Vedlagt

Saker til orientering:

| | | |
|-----|--------|---------------------------------|
| Sak | 011/18 | Eventuelt Skriv og meldingar |
|-----|--------|---------------------------------|

Lukka del

Sak 012/18, 013/18 og 014/18 blir behandla i lukka møte heimla i helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

| | | | |
|-----|--------|--|---------|
| Sak | 012/18 | Rapport kost - nytte eindose i Helse Vest (u. off. jf. Offentleglova §23.1) | Vedlagt |
| Sak | 013/18 | Verksemdsrapport per februar 2018 (u. off. jf. Offentleglova §23.1) | Vedlagt |
| Sak | 014/18 | Rapport 80/20 regelen (u. off. jf. Offentleglova §23.1) | Vedlagt |

OPE DEL

Sak 001/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden**Oppsummering**

Innkalling og dagsorden blei godkjent. Ingen saker meldt til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente innkalling og dagsorden.

Sak 002/18 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 13.12.2017**Oppsummering**

Styret hadde ingen merknader til protokoll frå styremøte 13.12.2017.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 13.12.2017.

Sak 003/18 Administrerende direktør si orientering

1. Rapport internrevisjon 2017
2. Plan Internrevisjon 2018
3. Resultat ForBedring
4. Varsling av kritikkverdige forhold
5. Resultat kundeundersøkelse
6. Oversikt over aktuelle høyringar
7. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav
8. Rapportering tilsynssaker
ingen saker

Vedtak (samrøystes)

Styret tek orienteringane til vitande.

Sak 004/18 Årsrekneskap 2017**Oppsummering**

Saka omhandlar framlegging av revisorgodkjend Årsrekneskap for 2017. Årsrekneskapet for 2017 viser eit overskot på 14 338 673 kroner. Styret takker organisasjonen for godt arbeid, godt samarbeid og god innsats for saman å nå resultatet 2017.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek Årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest HF for 2017. Styret ber om at årsrekneskapet vert lagt fram for føretaksmøte som føretaket sitt Årsrekneskap for 2017.

Sak 005/18 Styret si årsmelding 2017**Oppsummering**

Saka omhandlar framlegging av revisorgodkjend Årsmelding for 2017.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek Årsmelding for Sjukehusapoteka Vest HF for 2017. Styret ber om at Årsmelding vert lagt fram for føretaksmøte som føretaket sin Årsmelding for 2017.

Sak 006/18 Styringsdokument 2018**Oppsummering**

Styringsdokumentet klargjer premissar og rammer som gjeld for SAV, og inneheld mål og resultatkrav som blir stilte til SAV frå eigar. Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet i foretaksmøte den 8.3.2018 (vedlegg 1). Det er eit krav til at ein gjer seg kjend med styringsdokumentet og legg dette til grunn for arbeidet framover.

Vedtak (samrøystes)

Styre tek styringsdokument 2018 for Sjukehusapoteka Vest til vitande.

Sak 007/18 Risikostyringsmål for Sjukehusapoteka Vest 2018**Oppsummering**

Etter felles retningslinjer for risikostyring i Helse Vest skal helseføretaka årleg gjennomføre risikovurdering av minimum 4 overordna styringsmål som skal følgjast særskild opp gjennom året. Med bakgrunn i brev frå Helse Vest (Vedlegg 1), risikostyringsmål for 2017 og det overordna risikobilete ved inngangen til 2018 (Vedlegg 2) føreslær administrasjonen fire styringsmål med tilhøyrande delmål for 2018.

Styret ber om at trening tydeleggjerast som verkemiddel for å redusere risiko.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek felles retningslinjer for risikostyring i Helse Vest til orientering, og legg til grunn at Sjukehusapoteka Vest aktivt føl opp og forankrar arbeidet med risikostyring ved involvering av avdelingar i heile organisasjonen.

Styret sluttar seg til styringsmåla med delmål for risikostyring i Sjukehusapoteka Vest i 2018.

Sak 008/18 Strategiplan for Sjukehusapoteka Vest 2018 – 2023- høyring

Oppsummering

Strategien har ei temabasert inndeling, der det er lagt særleg vekt på dei områda som er omfatta av dei viktigaste endringane framover. Det er skissert ei overordna målsetjing for kvart av temaa som er relatert til Helse 2035, og kva tiltak SAV kan arbeide med relatert til dette. Samtidig kan ein sjå at samhandling, ny teknologi og nye tekniske løysingar, samt innovasjon og endring er gjennomgåande faktorar i heile strategien.

Denne saka er for å klargjere om styret finn at grunnlaget for ein høyringsprosess er på plass, og for å gi styret høve til å kome med innspel til høyringsutkastet.

Når vår strategi etter planen blir vedteken i mai 2018, vil arbeidet med å operasjonalisere denne skje gjennom arbeid med fagplanar (sjå eiga styresak).

Styret seier seg nøgd med godt arbeid med utkast til SAV strategiplan og meiner dokumentet er godt eigna til å vidareutvikla SAV i tråd med utfordringar og for å skape pasientens helseteneste.

Vedtak (samrøystes)

Utkast til strategiplan 2018 – 2023 for Sjukehusapoteka Vest vert sendt ut på høyring.

Sak 009/18 Fagplanar for Sjukehusapoteka Vest

Oppsummering

Arbeidet med ny strategi for verksemda legg SAV til grunn utarbeiding av fagplaner for dei fire forretningsområda; sjukehusekspedisjon, publikum, produksjon og farmasøytiske tenester. Planane er tenkt med rullering på 4 år, med årleg oppdatering tilpassa andre prosessar i føretaket. Fagplanane skal vere bindeledd mellom føretaket sin strategi og operasjonalisering i drifta gjennom handlings- og aktivitetsplanar.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka til vitande.

Sak 010/18 Revidert årsplan for styret 2018

Oppsummering

Styret vedtok årsplan for styret i Sjukehusapoteka Vest 2018 i sak 039/17, styremøte 13.09.17. I høve til møteplan var det lagt opp til styreseminar for RHF-styret og HF-styra 4. oktober i Stavanger der heile styret og AD er invitert til å delta. I RHF-styremøte 3. oktober 2017 skulle SAV sin aktivitet presenterast for RHF-styret av Styreleiar og AD.

Dette er no endra til at Styremøtet i Helse vest RHF heldas 2. oktober med presentasjon av Sjukehusapoteka Vest. Dato for Helse Vest styreseminar med RHF og HF styra er endra til 3. oktober.

Ein føreslær soleis at dato SAV styremøte vert 3. oktober klokka 16:30-18:30 i Nådlandskroken 11.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek revidert årsplan for styret i Sjukehusapoteka Vest 2018.

Sak 011/18 Eventuelt Skriv og meldingar

Skriv og meldingar vart kommentert.
Ingen sakar til eventuelt.

LUKKA DEL

Lukka del vart handsama i starten av møtet, kl 15:05-16:30.

Møte blei lukka etter Helseføretakslova §26a, 2.ledd nr 4.

Sak 012/18 Rapport kost - nytte eindose i Helse Vest

Oppsummering

Rapporten var gjennomgått.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek rapport om kostnad -nytte ved leveransar av eindose i Helse Vest til orientering og ber om at rapporten inngår som beslutningsunderlag for vurdering av framtidig organisering og lokalisering av pakkeanlegg for eindose i samarbeid med Helse Vest.

Sak 013/18 Verksemdsrapport per februar 2018

Oppsummering

Rapporten vart gjennomgått.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapportering frå verksemda per februar 2018 til vitande.

Sak 014/18 Rapport 80/20 regelen**Oppsummering**

Rapporten vart gjennomgått.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapporten til vitande.

Berit Berntsen
Referent
22.03.2018

| | |
|-----------------------|------------------|
| Trude Marit Risnes | Styreleiar |
| Olav Godtfred Klausen | Nestleiar (sett) |
| Eivind Hansen | Medlem |
| Inger Cathrine Bryne | Medlem (sett) |
| Arve Varden | Medlem |
| Bente Aae | Medlem |
| Marianne Saugestad | Medlem |
| Marit Jacobsen | Medlem |

Gunvald Iversen

Medlem